



Odd Arne Soltvedt
Soltveitveien 50
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2702 - 15/28825

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
07.09.2015

Gbnr133/4 Soltveit Søre. Løyve til å dele frå parsell til bustadføremål.

Eigedom: Gnr.133 bnr.4 Soltveit Søre
Adresse for eiged.: Soltveitv. 41, 5911 Alversund
Type tiltak: Deling av grunneigedom til bustadføremål
Heimelshavar: Odd Arne Soltveit
Søker: Odd Arne Soltveit

Saka gjeld:

Det vert søkt om å få dele frå 770m² frå gnr.133 bnr.4. Parsellen skal nyttast til bustadtomt.

Planstatus/dispensasjonar:

Tiltaket ligg innafor grensene til kommunedelplanen for Alverstraumen i eit område som er sett av til bustadføremål, men utan krav til regulering.

Det er såleis ikkje naudsynt med dispensasjon i denne saka.

Gnr.133/4 er landbruk, men disponering av beite til bustadføremål er godkjend i samband med kommunedelplanen og vurdering av tiltaket etter Jordlova §12 er ikkje naudsynt.

Nabovarsling:

Naboane er varsla og det har ikkje kommemerknadar.

Tilkomst:

Søknaden syner planlagd tilkomst på eksisterande veg som vert felles med fleire andre eigedommar.

Det ligg føre erklæring om rett for den nye eigedommen til å nytte veggen og eventuelt føre fram ny parsell over hovudbruket sin grunn. Vegretten skal tinglysast.

Det er søkt om løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyring. Det er kommunen som er vegstyresmakt, og løyve er gjeve i brev datert 18.06.2015. Vilkår er at utforming skjer i samsvar med gjeldande norm.

Vassforsyning og avløp:

Vassforsyning og avløp er planlagd som privat fellesanlegg fram til punkt for kopling til offentleg anlegg.



Det ligg føre avtale med dei grunneigarane som i dag nytter fellesanlegga om at ny tomt skal få kople seg til. Samstundes gjev grunneigar løyve til å grave trase for veg og avløp over bruket sin grunn.

Det er ikkje naudsynt å sende denne saka til anna mynde for uttale.

VEDTAK:

Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) jf. §26-1 gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 770m2 frå gnr.133 bnr.4 slik det er søkt om og synt på kart i søknad datert 29.06.2015. Arealet skal nyttast til bustadtomt i samsvar med gjeldande plan.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §§20-1 og 26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i streid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjønn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av areal til bustad. Tiltaket ligg i område sett av til føremålet. Det ligg føre avtaler som regulerer tilhøvet mellom ny grunneigedom og eksisterande eigedommar med omsyn til veg, vatn og avløp. Tomta vert stor nok til føremålet.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014 gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, området er uregulert kr.6200,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket innan tre veker, jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Arne Soltvedt

Soltveitveien 50 5911

ALVERSUND